

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Bordskikk til hverdag

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vøllset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Bj.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bordskikk til kvardag

1. Så langt attende ein veit om, sat ein til bords alle måltid som ein åt inne, dersom ein ikkje var sjuk, så ein låg til sengs og åt på senga.
2. Helle huslyden sat ved same bord. Det er skikken no og.
3. Alle et på same tid på kjøkenet, husbondsfolk og tenarar.
4. Alle et av same slag mat.
5. Om eit hus har både stove og kjøken, så er det skikken å ete på kjøkenet alle kvardagar.
6. Om sundagane et ein i stova av og til, men kanskje oftast på kjøkenet då og. Det har ikkje vore skikk her at husbondsfolk åt i stova og tenarane i kjøkenet.
7. Regelen var og er at alle har sin faste plass ved bordet. Unnatak kan det nok vere. Dei vaksne sat som oftast ved eine sida av bordet og borna ved den andre. Men med borna var så små at dei trong hjelp under måltida, sat dei attmed eit vakse menneske, mor eller tenestgjente, eller eldre søster. Husfaren sat som oftast øvst ved sida av bordet dersom han ikkje ~~aat~~ for enden. Elles har ikkje folk, i manns minne, halde så strengt ~~XXXX~~ på rangen ved bordet.
8. Her har ikkje vore skikk at borna måtte stå ved bordet under måltida. Dei aller minste fekk sitje i fanget.
9. Det er slutt med høgsetet no, etter at dei gamle røykstovene vart rivne.
10. Her er i grunnen ikkje lenger tale om nokon heidersplass i stova. Gjæve gjester blir gjerne plasert slik ved bordet at dei får utsyn, men det er ingen fast skikk. Dei sit gjerne oftast øvst ved bordenden, så dei får maten først. Men det kan vere så ymse.

i tida

11. Før var ein ikkje så nøyen med å vaske hendene før ein sette seg til bordet. Å seie visst når ein tok til med det, er ikkje så beint fram. Men i dei siste 50 år har det iallfall vore skikk å vaske hendene før ein gjekk til bordet, dersom ein hadde halde på med slikt arbeid føreåt at ein var synleg skiten.

Det har i aldri så lang tid vore skikken å ta av seg huva når ein åt. Det har vore rekna for udana å ikkje gjere det. Ein og annan, å ja, ikkje så få heller, har site til bords i huve, men dei har dei andre synst var uhøveleg.

12. Før i tida åt dei graut av same fatet, alle som rakk i, både til sundags og kvardags, heime og i lag. Det er mellom 30 og 40 år sidan det vart ålment slutt med det. Men det har hange att i somme stader til no i det siste. Ein kan likevel seie at no et alle graut av sin eigen tallerk. - Dei brukte og sams mjølkekopp til grauten. Det er det og slutt med, no. Kor lenge dei har hatt kvar sin mjølkekopp, kan ikkje seiast så visst. Men ei 30 år er det nok. Dei hadde mjølka til grauten i kummar, - seinare i vanlege kaffi-koppar. Kummane var laga av grøkrus, grovt steinty, det første ein kan minnst. Seinare var dei laga av eit finare slag. Dei kalla desse koppene for grautasul-kummar, eller grautasul-koppar. Mjølka til grauten galla dei alltid grautasul.

Gamlekarane stakk gjerne (oftast) grautbiten på skeia ned i mjølkekoppen og åt såleis grauten og mjølka i ein gong. Men dei unge syntest dette var ein mindre fin måte å ete på. Dei tok heller og åt grauten først og så deretter mjølka. Men det vart gjort så ymse. Det var ikkje nokon fast regel korkje for gamal eller ung. No for tida drikk ein ofte mjølka attåt grauten, men likså ofte et ein mjølka med skei. Det kjem an på kva slag grautasul ein har for seg. Surnmjolk (tjukkmjolk) et ein oftast med skei, tunnmjølka drikk ein av koppen. -- Et ein havregrynsgraut, slør ein mjølka på grauten. Men elles ikkje.

Det var nok då kaffidrikkinga byrja at folk fekk kvar sin drikkekopp.

13. Her har ikkje i manns minne vore skikken å setje gryta på bordet og ete beinveges ut av den. Åt ein av gryta (graut), så sette ein ho på ein benk eller krakk, eller ho stod på omen. Dei hadde maten i fat, trefat eller krusfat. Det vart gjort både om det var berre folket i huset som skulle ete, eller om det var framande til-~~sta-~~ ~~XXXXXX~~ des.

14. Det var fast skikk å leggje silda, fisken og kjøtet og flesket mellom to små brødstykke når ein åt slik mat, -kokamat, som det vart kalla. Dette kalla dei "å gjere seg bete". Det var altså betar dei åt. Når dei laga betar, tok dei først og braut av eit stykke flattbrød, på lag så stort som ein love på ei hand. Så la dei eit stykke ~~XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX~~ sild, kjøt eller fisk - etter kva mat dei hadde - på dette brødstykket. Deretter la dei eit høveleg stykke potet oppå. Så tok dei og la like mykje brød oppå att. Så var beten ferdig. Somme gonger tok dei eit brødstykke som var litt lenger og la kjøt og potet oppå eine halvparten og braut så brødet av og la det halve oppå beten.

15. Det blir rekna som god bordskikk å ta sukkerbeten i munnen og drikke kaffi til.
16. Det blir ikkje lenger rekna som god bordskikk å slå kaffi på skåla (fatet) og drikke av den.
17. Gaffelen kom i nokolunde jamt bruk for ei 30-40 år sidan. Eg kan godt hugsa at det vart ete utan gaffel. Dei gamle i min barndom syntest at gaffelen var noko fint moderne greie som dei ikkje ville ha noko med å gjere.
18. Ein må noko langt attende før ein treffer dei som brukte tolekniven ved bordet, dagleg. Men eg kan hugse at dei tok opp den når det var spekekjøtt som skulle skjerast av. Kvinnfolka har brukt vanleg bordkniv ved bordet så lenge eg kan minnast. Men her finst att gamle falleknivar av messing, som vart brukte ved bordet.
19. Så lenge ein veit om, hadde kvar si eiga skei ved bordet. Skeia var som oftast ikkje merkt med namn. For lenger tid sidan, då alle budde i røykstove, var det ikkje sjeldan at dei sette skeiene i ei veggrive etter måltida. Men elles vart dei lagde i ei hylle eller ei skuffe i skåpet. Det var både treskeier og hornskeier før. Det var mest av hornskeier til matskeier. Kor lenge det er sidan dei byrja vaske skeiene, er ikkje godt å seie. Men eg kan hugse at dei eldste i min barndom ikkje ville ha si skei vaska. Det var ikkje naudsynt. Dei tørka av ho i olbogelykkja og sette ho i veggeriva eller la ho i skuffa. Men det var då meir sjeldsynt det. Alla vaska skeiene ved århundreskiftet (det siste).
20. Det er vel innpå 100 år sidan dei fekk tak i steintyrkoppar av ymse slag. Det kunne vere fat, mugger eller tallerkar. Før var det trefat til graut og andre matslag (dreia fat var det vanlegaste). Ein tok til å bruke kvar sin tallerk til graut då det lei noko etter 1900. Men ikkje alle stader, i alle hus samstundes. Det var stor skilnad på det.
21. I min barndom brukte dei aldri bordduk til kvardags. No brukar alle bordduk. Dei fleste brukar voksdukar, som dei kjøper på bus. Men i somme hus har dei dukar av lin eller bomull. Borddukar til kvardags kom i bruk for på lag 40 år sidan. Dei som brukar voksduk, let den som oftast liggje på bordet mellom måltida. Men ikkje alltid.
22. Somme brukar no kvitskura bord, og somme brukar måla bord. Det siste er langt meir i bruk. Men dei brukar duk oppå.
23. Somme måltid kunne dei som sat til bords, forsyne seg sjølv, og andre tider etla husmora ut til kvar ein skild det han skulle ha. Det kom an på kva slag mat det var. Graut og sild og fisk og kjøtt fekk dei jamnast ete med dei ville, - dersom det ikkje var reine fattigdomen og armoda. Men kake (brød) og smør, og somme gonger flattbrød, vart etla. - På gardane her var det ikkje nokon viss rang når det galdt å få sin del tiletla.

24. Som nemnt ovafor, var det serleg smør og kake som vart etla. Men anna slag sul enn smør vart og "rasjonert". Det var ost somme gonger, men ikkje alltid. Det var spekekjøt og flesk, men berre når det var lite av det i huset. - Av brød var det serleg omnbrød, omnkake, som vart etla. Men potetkake og vart etla, og som før nemnt, flattbrød somme gonger.

25. Vaksne karar fekk alltid største porsjonane. Halvstore gutar fekk som oftast noko mindre, likeeins kvinnfolka. Dei trong ikkje så mykje, meinte dei. Det var fast skikk at karane skulle ha dobbelt så mykje flattbrød som ~~karane~~ *kvinnene*.

26. Det er inga viss aldersgrense ~~for~~ for borna når det gjeld å greie seg ved bordet. Somme kan greie seg ikkje så lite tidlegare enn andre. Men når dei er 7 år, skal dei greie seg, om dei er seine av seg og. Men mange greier seg sjølv før. Det er oftast mora som hjelper dei små ved bordet. Men faren eller større sysken gjer det og somme gonger.

27. For ei 50 år sidan var det nokså vanleg at mora eller ei syster-togg til småbarnet. Men ikkje alle gjorde det.

28

Det er fast skikk i dei fleste hus å "lese for maten". Men ikkje så få huslydar har slutta det. Som oftast les ein stilt. - Les ein høgt, er det eit av borna som gjer det, helst eit av dei mindre. Det var meir vanleg før enn no å lese for maten. Smått om senn har det vorte slutt med det i somme heimar. Det er ingen skilnad på dette om det er born i huset eller ikkje. Om det kjem framande og skal ete i lag med husfolket, held dei same skikken.

29. Før var det nok mindre prat ved bordet enn no. Men det har, så vidt ein veit, ikkje vore forbod mot å snakke med ein åt. Men borna vart strengt tilhavde å ikkje snakke med mat i munnen. No pratar ein med ein lyster om laust og fast ved bordet. Det er, eller var, ingen fast ordleiar.

30. Då eg var barn, likte ikkje dei gamle at vi lo noko større ved bordet når vi åt. Men forbode var det ikkje. Dei eldre kunne og le. Men strenge pietistar så helst at det var stilt ved bordet under måltida.

31. Det var forbode å syngje ved bordet under måltida. Eit ordtak om det: "Mannen visste kje at kjerringa var tulla ~~kje~~ (før) ho song åt maten". (Ma'n vesste kje at kjerringa va tulla feinn ho sång åt mata)

32. Dei som hadde det ekstra travelt, gjekk frå bordet før alle var ferdige. Men elles var det fast skikk at alle skulle gå frå i ein gong.

33. Til kvardags og heime vart det somme gonger sagt takk for maten, andre gonger ikkje. Slik er det no og. Men det er kanskje meir vanleg å takke for maten no enn det var for ei tid sidan.

34. Dersom ein framand kom inn under måltida, og han var frå bygda, sa han: Segne maten! No seier somme: Vel bekomme! Men det er innført "vare".
35. Det var ikkje skikken å be ein framand som kom inn under måltida, å setje seg til bords og ete i lag med. Men lenger att i tida var det kanskje skikken.
36. Det var skikken at ein framand som kom til gards, skulle ha mat. Men ikkje om det var berre grannen som såg innom. Han og kunne nok få somme gonger, men ikkje brått alltid.
37. Det vart noko ekstra ved traktementet når ein fra kom til gards. Slik er det nok no og, stort sett.
38. Her har aldri vore skikken å ha kjelen på heile dagen. ~~IKKJE~~ Kom ein framand, så var det, og er fremdeles, skikken å "ha på kjelen". Det er det faste og visse i slike høve.
39. Før skulle gjesten inn i stova og ete og drikke. Der måtte han sitje åleine, dvs. han måtte ete åleine. Kona og/eller mannen sat og sjølvsgatt inne med han sat til bords. Var det om vinteren, så kunne det ofte vere ein kald jobb. - Men no sit gjerne gjesten på kjøkenet og drikk kaffi. Er det ein rett "fin" gjest, så må han nok inn i stova no og på dei fleste stader.
40. Det er ikkje lenger så god skikk å la seg "nøde" til å ete, om ein er gjest. Men verten bed nok både tidt og jamt no og at "du må forsyne deg!"
41. Som nemnt i nr. 39, sat mannen og kona, eller eitt av dei, inne i stova med gjesten åt. Dei sat då eit lite stykke frå bordet, men slik at dei snudde seg mot gjesten. Det hende og at eit eller fleire av husfolket sat ved bordet og åt i lag med gjesten. - Når eg nemner mannen og kona, så er det ikkje nett slik å forstå at det var berre dei som kunne sitje inne i lag med den framande, eit eller fleire av dei vaksne borna kunne og vere inne, - eller berre dei. - Det er stort sett på same måten no og.